

Vilkaars-Ola

1) Paa skuggesida i hokket trong
Sit gamle Ola baa sjuk aa krong
Ho Kari kono var falle fraa
Dei vonde dagarne seig innpaa

2) Aa ja han sit der aa grunnar paa
Kor tungt det vert for ein gamal daa
Naa hyggja kverv baa i le aa lo
Sers vert ein gløymd aa tilovers er

3) Han sit med minnor fraa ljose ti
Naar han med borni aa kona si
Seg altid hyggja i terva god
Daa alt ikring honom ville gro

4) Han sleit aa ryggja, han bygde hus
Tok mang ei skuffel med moll aa grus
Aa bakkar jamnad han ein for ein
Aa myrar turkad med grøft aa stein

5) So gjenge tidi han trøytmar av
Han kan 'kje greida dei mange krav
Han trong aa kvila faa arbeidsro
Den vene heimen fekk borni no

6) På skuggesida eit hokk der er
Dar sit han Ola hev heimen kjær
Men gløymde vert no dei fremste krav
Det hev seg soleis det kjølmar av

7) Han Ola sit no åleina dar
Han lengtar etter si himmelfar
Aa frelsessoli han lengtar sjaa
Aa ser han den det vil ljøsna daa

8) Akk ja, so mangen maa stiga ut
i skuggehokket aa sankar sut
for den so elskar det fell vel saart
For gamle oldingar altfor haart

9) Nei, borni skulle ha far aa mor
So hjartans kjære i gjerd aa ord
Paa solesida i ljose kraa
Ein allerbest kunne til dei sjaa